



Heller ikkje i år makta Humlepungane å vinna på heimebane. Men det er ingen dårleg trøyst at sjølve arrangementet med meisterskap og uppskoka vart ein fulltreffar. Aldri har så mange vore med og aldri har stemningen vore så høg.

Førjulstreffet på Dønhaug er iferd med å verta ein institusjon som styrker Uskedalen sitt omdømme ytterlegare som staden der ting skjer. Det var stappfullt i kjedlaren og dei som kom stortrivdest.

Ikkje minst var det eit vellukka trekk å gjera unna bedømminga før på dagen slik at ein slapp å venta på ei avgjerd,

Over desse liner smilar programleiar Vidar Haugland og Dønhaugvert Magne Huglen fornøgd og under er Kristian Olav Bringedal og Reidar Myklebust i full aksjon med å leia allsongen.

Ein som også fortener godord år etter år er Kjell Tungesvik. Han er ansvarleg for betasuppa!!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

